

Ekstremveret Nina 10. januar 2015

- helsetenesteberedskap i ein øykommune

■ SVERRE RØRTVEIT • Kommunelege i Austevoll kommune

Ekstremveret var varsla tre dagar på førehand, og me følgde her i Austevoll utviklinga av vindvarsela med betydeleg bekymring. Me er ein øykommune med knapt 5000 innbuarar, utan fastlands-samband, og fem store bruer bind dei største øyane saman internt.

Det er eitt legekontor på kvar av dei to største øyane, og me har ambulansestasjon med ambulansebil og -båt. Me har eiga legevaktordning internt i kommunen, men den telefonmottakande legevaktsentralen er lokalisert til Os og er felles for fleire kommunar.

Med orkanen «Dagmar» i minne, som la sentrale samfunnssfunksjonar daude i fleire døger i delar av Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal i desember 2011, så var det all grunn til å tenka seg om i forkant om kva som kunne skje.

Vonleg scenario 9. januar

Vermeldinga som vart sendt ut fredag 9. januar gjekk ut på at det «berre» kom til å bli vestleg full storm. Stormsenteret ville ramma lenger nord på Vestlandet med full tyngde, her av sterk storm eller orkan styrke. Kommunikasjonen mellom dei ansvarlege i kommunen si redningsteneste og meg som medisinsk beredskapsansvarleg gjekk då på fredagen ut på at det hos oss ikkje var behov for ekstraordinære tiltak fordi

- bruene ville vera køyrbare for vanlege bilar.
- eventuelle straumstansar kunne ventast å ikkje bli veldig langvarige.
- ferjene til fastlandet kunne forventast å gå.
- ambulansebåten ville kunna gå over fjorden med pasientar, eit alternativ kunne vera å legga inn pasientar med ferje og ambulansebil.

Reelt venteleg scenario 10. januar

Men morgonen laurdag 10. januar vakna me til eit endra varsel frå Meteorologisk institutt: Ekstremveret ville ta ein litt sørlegare bane, og treffa sentrale delar av Hordaland med stort tyngde. Vindstyrken ville bli sterk storm eller orkan frå vest. Det kunne ventast at alle dei fire kulepunktata ovanfor ville svikta, og det var naudsynt med betydelege beredskapstiltak.

Kriseførebuingar

Nokre av oss ringde rundt, og det vart avtalt krisemøte på den lokale brannstasjonen tidleg på føremiddagen. Lensmann, brann/redning, vakthavande lege og eg som medisinsk beredskapsansvarleg lege, og ambulansestenesta var der.

Frå helsesida iverksette me dette:

- Ved manglende kjørbarhet over bruene:
 - Ein lege skulle stasjonera på kvart av dei to legekontora, og ein ekstrainnkalte ambulansemann med reservebilambulanse skulle stasjonera i lag med legen på det minste legekontoret.
 - Vakthavande lege stasjonera på hovedlegekontoret
- Dette vart kommunisert til befolkninga ved masse-sms frå Austevoll kraftlag, ved lensmannen sine facebookssider, og ved opplysning på dei to lokale nettavisene
- Ved kommunikasjonssvikt (umogeleg for publikum å komma fram via telefon til legevaktsentral eller medisinsk naudnummer)

- Den beskrivne utplasseringa av ressursar skulle også gjelda for denne situasjonen

Delvis samanbrot i samfunns-funksjonar utover dagen 10. januar

Frå kl 12 stoppa ferjesambandet til fastlandet, som venta, og kom ikkje i gong att før påfølgande morgen. Frå kl 1615 om lag forsvann straumen, også som venta, og var vekke deretter i om lag eit døger på dei to største øyane, til dels lengre på delar av andre øyar. Me iverksette då den beskrivne utplasseringa.

Vinden var på det sterkeste ca kl 16–19, eg trur den var då dels av sterk storm styrke og dels av orkan styrke, og minna utover kvelden til full storm styrke.

Kommunikasjonsmessig så var det kommunale radionettet fungerande med radio-til radio-samband og delvis til nau-dat-sentralane i Bergen. Mobiltelefon fungerte også delvis. Då vindstyrken minna litt utover kvelden, var bruene kjørbare og det virka som at mobiltelefon virka så pass at det gjekk an å ringa legevaktsentral, sjølv om straumen framleis var vekke. Me gjekk då ut på kvelden 10. januar tilbake til vanleg alarmering av vakthavande lege, basert på at LV-sentralen ringde vakthavande lege opp når publikum kontakta legevakt.

Eit spesielt kritisk problem var den manglende stramforsyninga til sjukeheimen i kommunen. Naudstraum ved straumaggregat var ikkje etablert til sjukeheimen, slik at sjukeheimen vart mørklagt, med angst til følge for pasientane og rådville for personalet. Elektriske dører fungerte ikkje, og ein dement pasient som flykta ut gjennom vinduet frå rommet sitt vart så vidt berga inn att.



11. januar: Mindre vind, men manglende straum og kommunikasjonar

Om morgonen søndag 11. januar viste det seg at både mobiltelefoni og kommunalt radiosamband var heilt vekke, antakeleg pga at naudstraumkapasiteten til basestasjonane var oppbrukt. Ved kurer-beskjed var informasjon gjeve om nytt krisemøte, no på på det lokale Kraftlagsbygget (der naudstrøm var etablert), på føremiddagen. Der var same etatar som ved møtet 10. januar, i tillegg til Kraftlaget og representant for rådmannen i Austevoll.

Det vart orientert om utsiktene til at straumen skulle bli reetablert i Austevoll (sannsynleg ila ettermiddagen 11. januar for dei to største øyane), og det vart lagt plan for skaffing av naudstraum til dei viktigaste basestasjonane for radionett og mobilnett på ein av fjelltoppane i kommunen, i løpet av den følgande timen. Dette vart gjort av kraftlaget og den kommunale redningstenesta, mobileverandørane Telenor og Netcom såg me ingen ting til. Det vart orientert om etablering av aggregat til pleie- og omsorg (PO)-senteret (10. januar: etablert straum med mindre aggregat til minimumsbelysning, 11. januar skaffa større aggregat frå Bergen som vart tilkjørt med første ferje, som etablerte straum både til oppvarming og belysning til storparten av PO-senteret).

Helsesida sine disposisjonar: Bruene var godt kjørbare frå 10. januar om kvelden, men frå 11. januar var det ikkje fungerande telefonsamband. Derimot var det ein viss grad av fungerande sms-tjeneste, og via Kraftlaget si sms-massevarsling vart det informert til publikum at lege no ville vera å finna på sjukeheimen. På dei to legekontora vart det skrive oppslag om dette. Både vakthavande lege og medisinsk beredskapsansvarleg lege etablerte seg på PO-senteret, og to ekstra-innkalte ambulansemannskap fungerte som ordonansteneste, men desse to vart snart aktivisert i innkjøring av eldre personar som trong innlosjering på sjukeheimen.

Naudstraumen som vart re-estabert til basestasjonane sørga for at radio-til-radio-kontakt fungerte, men det var ikkje radiokontakt med AMK- eller LV-sentral. Derimot

vart det formidla kontakt til den interkommunale legevaktcentralen, som er lokalisert til Os kommune, via ein lokalitet i Austevoll der Os sitt radionett kunne nåast, slik at legevaktcentralen fekk informasjon om legetenesta sin mellombels lokalisering.

Gradvis re-establering av straum og kommunikasjonar utover dagen 11. januar

Det var nytt krisemøte på Kraftlaget kl 15. Der var ovannemnde instansar, i tillegg til ordførar og rådmann. Kraftlagsstyraren informerte om at straum i løpet av den kommande timen ville bli re-estabert til mesteparten av dei to største øyane. Dette skjedde også. Mobiltelefoni vart deretter litt bedre fungerande, men det var ikkje full framkommelighet på mobiltelefon nivå. Radionettet fungerte framleis berre i radio-til-radiomodus. Vakthavande lege hadde då fått straum til legekontoret, og etablerte seg på Storebø legekontor.

Då det kl 18 hadde vore stabil straum i to timer, og mobiltelefoni kontakt med LV-sentralen såg ut til å fungera på geografiske punkt med sikt til fjelltoppar, gjekk me på nytt over til å ha ordinær alarmering av lege via telefon til og frå LV-sentralen. Detta fekk me Kraftlaget til å informera om ved SMS-masseutsending.

Helsetenesta sine disposisjonar, kva fungerte bra og kva fungerte dårlig:

• Bra:

- Samarbeid og samordning med kommunal redningsteneste, kraftlaget og politiet var viktig
- Det å forutsjå ferjestopp, straumstans og kommunikasjonsbortfall var viktig
- Det å etablera seg på to geografiske stader med ekstra lege og ekstra ambulanseressurs, var viktig
- Det at me kunne nyta masse-kommunikasjon, spesielt Kraftlaget si masse-sms-utsending, for å informera, var svært viktig

• Usikkert:

- Gråsoner med usikkerhet om kva tid

me skulle gjenoppta den ordinære alarmeringsmodus for legevaktkontakt, via LV-sentralen, då mobiltelefoni fungerte delvis

• Læringspunkt:

- Det bør på førehand vera lagt planar for dei punkt me har vore gjennom i dette ekstremveret. Det var ikkje lagt slike planar no.
- Dei ansvarlege for naudetatare har før bede kommunaleininga om at det skulle iverksettast ein prosess for utarbeiding av planar for spesifikke samfunnskatastrofer, der ekstremver er eit av fleire viktige område.
- Det må skaffast eige aggregat til sjukeheimen, med god nok kapasitet. Dei flesste vil seia at dette er sjølvsagt, og stilla store spørsmålsteikn ved kvi for det ikkje var gjort frå før. Også andre viktige institusjonar i kommunen (brannstasjon og legekontor mellom anna) må sikrast med naudlogistikk, både straumaggregat og anna.

Ekstremveret var ei nyttig erfaring.

Kommunen sine naudetataar gjorde, saman med kraftlaget, politiet, ambulansenesta og PO-tenestene, ein enorm innsats under ekstremveret. Antakeleg var omlag 60 personar i full aktivitet med krisearbeidet desse to døger. Det var ei spesiell erfaring å arbeida saman med alle desse ansvarsfulle og uthaldande medarbeidarane. Det kjenest godt å erfara den gjensidige solidariteten i lokalsamfunnet i ein slik situasjon. Me er også glade for at det kraftlaget vårt har solid lokal forankring i kommunen, me føler oss ikkje sikre på at krisemannskap ville ha blitt mònstra i ein så storstila skala med framande eigalar.

«Nina» var i grunnen eit relativt «snilt» ekstremver. Me kan komma til å oppleva atskilleg verre hendingar enn dette. Erfaringane som denne dama gav oss, var eingentleg ei communal beredskapsøving i stor skala. Også den kommunale legetenesta må vera med og ta ansvar i slike situasjonar.

■ SVERRE.RORTVEIT@AKNETT.NET